



DET KONGELEGE  
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

# Meld. St. 10

(2017–2018)

Melding til Stortinget

---

## Årsmelding 2017 for pensjonsordninga for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemer

*Tilråding frå Arbeids- og sosialdepartementet 23. mars 2018,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Innleiing

---

Lov 16. desember 2011 nr. 60 om pensjonsordning for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemer (stortings- og regjeringspensjonsloven) blei sett i kraft 1. januar 2012. Frå same tidspunkt blei desse lovene oppheva: lov 14. desember 1951 nr. 11 om pensjonsordning for statsråder og lov 12. juni 1981 nr. 61 om pensjonsordning for stortingsrepresentantar.

Stortings- og regjeringspensjonsloven § 8-1 lyder slik:

«Pensjonsordningen administreres av Statens pensjonskasse. Pensjonskassen skal senest seks måneder etter at regnskapsåret er avsluttet, utarbeide en beretning om virksomheten i siste regnskapsår. Beretningen utarbeides for departementet og forelegges Stortinget.»

I samsvar med denne føresegna legg Arbeids- og sosialdepartementet fram ei melding om utviklinga i pensjonsordninga for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemer i 2017. Meldinga inneheld ei oversikt over dei viktigaste ytingane i pensjonsordninga etter nye og gamle oppteningsreglar og ei oversikt over utviklinga i ordninga i 2017.

### 2 Om pensjonsordninga for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemer

---

Dei tidlegare pensjonsordningane for stortingsrepresentantar og statsråder blei 1. januar 2012 erstatta av éi pensjonsordning. Alderspensjonen i den noverande pensjonsordninga er basert på dei same prinsippa som ny alderspensjon i folketrygda, og pensjonen blir gitt som eit direkte tillegg til alderspensjonen frå folketrygda.

Dette inneber mellom anna at alderspensjonen er endra frå ei bruttoordning basert på sluttlønn til ei nettoordning basert på opptening i alle år som stortingsrepresentant og regjeringsmedlem. Hovudtrekka i den noverande pensjonsordninga er forklart i punkt 2.1. Rett som er tent opp i dei to tidlegare pensjonsordningane, er vidareført i den nye ordninga. Hovudtrekka i desse ordningane er forklart i punkt 2.2 og punkt 2.3.

#### 2.1 Hovudtrekk i pensjonsordninga for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemer

- Alderspensjonen blir opptent ved at medlemene kvart år byggjer seg opp pensjonsrett i form av ei pensjonsbeholdning. Oppteninga utgjer ein fastsett prosentdel av vederlaget til stortingsrepresentanten eller regjeringsmedlemer. Opp-

teninga utgjør 6,03 prosent av vederlaget opp til 7,1 gonger grunnbeløpet i folketrygda (G) og 24,13 prosent av vederlaget mellom 7,1 G og 12 G (G per 1. mai 2017 = 93 634 kroner). Pensjonsbeholdninga blir regulert med lønnsvekst fram til alderspensjonen blir teken ut.

- Den årlege alderspensjonen blir rekna ut ved å dele den opparbeidde pensjonsbeholdninga på eit delingstal. Delingstalet reflekterer forventta attståande levetid på det tidspunktet ein tek ut pensjonen. Delingstala er utforma slik at pensjonen blir levealdersjustert på same måte som i folketrygda.
- Alderspensjonen kan takast ut fleksibelt, tidlegast frå 62 år, i hovudsak etter dei same prinsippa som i folketrygda. Dersom pensjonen ikkje er teken ut innan vedkomande fyller 75 år, skal pensjonen uansett betalast ut frå og med månaden etter fylte 75 år. Arbeidsinntekt og pensjon kan kombinerast utan at pensjonen blir avkorta.
- Før utbetaling blir opptent rett regulert årleg i samsvar med lønnsveksten. Alderspensjon under utbetaling blir regulert i samsvar med lønnsveksten, og deretter trekt frå 0,75 prosent. Det vil seie at ein følgjer dei same prinsippa for regulering som i folketrygda.
- Pensjon som er opptent etter dei nye reglane, skal ikkje samordnast med andre pensjonsyttingar.
- Det er gitt overgangsreglar som sikrar rett opptent etter den tidlegare pensjonsordninga for stortingsrepresentantar og den tidlegare pensjonsordninga for statsrådar. For dei som har opptening etter både gamal og noverande pensjonsordning, er det reglar om at samla pensjon ikkje skal overstige ein utrekna maksimal pensjon. Stortingsrepresentantar som ikkje hadde opptent rett til pensjon før 1. oktober 2009, og regjeringsmedlemer som ikkje hadde opptent rett til pensjon før 1. januar 2012, får opptening etter den noverande ordninga frå 1. oktober 2009. Dei noverande reglane fekk verknad for andre medlemer frå 1. januar 2012.
- I lov om ny uførepensjon frå 7. mars 2014 nr. 5 blei reglane om uførepensjon for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemer endra med verknad frå 1. januar 2015 og tilpassa nye reglar som samstundes blei vedtekne for Statens pensjonskasse. Endringane inneber mellom anna at også uførepensjon er lagt om til ei nettoytting. Pensjonen blir gitt som eit tillegg til uføretrygda frå folketrygda og skal ikkje samordnast med andre pensjonar og trygder. Det er òg gitt nye reglar om avkorting av uførepensjon mot

arbeidsinntekt. Når skatteoppgjøret er klart, kontrollerer Statens pensjonskasse om det er utbetalt korrekt uførepensjon. Er det utbetalt for mykje eller for lite pensjon, skal det gjennomførast eit etteroppgjer. Det blei vedteke at dei som hadde uførepensjonar under utbetaling skulle overførast til nytt regelverk frå 1. januar 2015.

- Etterlatnepensjon blir i hovudsak gitt etter reglane i lov 28. juli 1949 nr. 26 om Statens pensjonskasse.

## 2.2 Hovudtrekk i den tidlegare pensjonsordninga for stortingsrepresentantar

- Personar med rett i den tidlegare ordninga for stortingsrepresentantar, får dette vidareført i eit kapittel i den nye lova.
- Alderspensjonen er ein bruttopensjon som blir samordna med andre pensjonsyttingar etter samordningslova.
- Full alderspensjon blir gitt etter 12 års oppteningstid og utgjør 66 prosent av pensjonsgrunnlaget. Dersom oppteningstida er kortare, blir pensjonen redusert i samsvar med dette. Pensjonsgrunnlaget er basert på tidlegare årleg bruttogodtgjersle for stortingsrepresentantar.
- Pensjonsalderen er 65 år. Ein kan få alderspensjon tidlegare når summen av alder og oppteningstid i den tidlegare ordninga fram til 1. januar 2012 er minst 75 år (75-årsregelen). Dette gjeld likevel ikkje dersom vedkomande har eller får inntekt som overstig ei inntektsgrense.
- Alderspensjon kan ikkje ytast så lenge vedkomande er medlem av regjeringa eller Stortinget. Det same gjeld den som er tilsett i statleg eller kommunal teneste i minst 80 prosent stilling eller har minst 80 prosent stilling som kommunalt ombod.
- Alderspensjonen som stortingsrepresentantar har rett til mellom 65 og 67 år, kan tidlegast takast ut frå 62 år. Summen av alderspensjon for perioden 65–67 år blir fordelt på perioden frå pensjonen blir teken ut til 67 år. Alderspensjon som blir teken ut etter denne føresegna, kan ikkje takast ut samtidig med alderspensjon etter 75-årsregelen.
- Alderspensjonen blir levealdersjustert frå fylte 67 år for personar som er fødte i 1943 eller seinare.
- Alderspensjon under utbetaling blir regulert i samsvar med lønnsveksten, og deretter trekt frå 0,75 prosent. Fram til pensjonen blir teken ut, blir pensjonsgrunnlaget regulert årleg i samsvar med lønnsveksten.

### 2.3 Hovudtrekk i den tidlegare pensjonsordninga for statsrådar

- Også rett i den tidlegare pensjonsordninga for statsrådar er vidareført i den nye lova.
- Alderspensjonen er ein bruttopensjon som blir samordna med andre pensjonsytingar etter samordningslova.
- Ei tenestetid på tre år gir årleg ein alderspensjon på 42 prosent av pensjonsgrunnlaget. For kvart tenesteår frå tre til og med seks år blir satsen auka med fem prosentpoeng. Full pensjon etter seks tenesteår utgjer då 57 prosent av pensjonsgrunnlaget. Pensjonsgrunnlaget er basert på tidlegare årleg bruttogodtgjersle fastsett for statsrådar.
- Pensjonsalderen er 65 år. Alderspensjonen eit regjeringsmedlem har rett til mellom 65 og 67 år, kan tidlegast takast ut frå 62 år. Summen av alderspensjon for perioden 65–67 år blir fordelt på perioden frå pensjonen blir teken ut til 67 år. Alderspensjon som blir teken ut etter denne føresegna, kan ikkje takast ut samtidig med alderspensjon etter 75-årsregelen for stortingsrepresentantar.
- Alderspensjon kan ikkje ytast så lenge vedkomande er medlem av regjeringa eller Stortinget. Det same gjeld den som er tilsett i statleg eller kommunal teneste i minst 80 prosent stilling eller har minst 80 prosent stilling som kommunalt ombod.
- Alderspensjonen blir levealdersjustert frå fylte 67 år for personar som er fødte i 1943 eller seinare.
- Alderspensjon under utbetaling blir regulert i samsvar med lønnsveksten, og deretter trekt frå 0,75 prosent. Fram til pensjonen blir teken ut blir pensjonsgrunnlaget regulert årleg i samsvar med lønnsveksten.

## 3 Utvikling i 2017 for pensjonar opptent som stortingsrepresentant

Totalt 390 personar fekk ved utgangen av 2017 pensjon på bakgrunn av tidlegare oppteningstid som stortingsrepresentant (alderspensjon, uførepensjon eller etterlatnepensjon).

### 3.1 Alderspensjon

Ved inngangen til 2017 var det 270 alderspensjonistar i ordninga. I løpet av året har det vore ein

avgang på 12 personar og ein tilgang på 13 personar. Per 31. desember 2017 var talet på alderspensjonistar derfor 271 personar.

Gjennomsnittleg utbetalt alderspensjon var 16 285 kroner per måned. Kvinner fekk 17 206 kroner, medan menn fekk 15 780 kroner.

I 2017 tok 13 personar ut alderspensjon i ordninga for første gong. Av desse var fem kvinner og åtte menn. Gjennomsnittleg uttaksalder var 70,4 år for kvinner og 66,3 år for menn. Samla sett var den gjennomsnittlege uttaksalderen 67,8 år.

Gjennomsnittleg uttaksalder for stortingsrepresentantar varierer frå år til år, sidan talet på uttak er svært lågt.

Gjennomsnittsalderen for alle alderspensjonistar i ordninga var 74,9 år for kvinner og 75,2 år for menn. Samla sett var gjennomsnittsalderen 75,1 år.

### 3.2 Uførepensjon

Ved inngangen til 2017 var det ein uførepensjonist i ordninga. I løpet av året har det vore ein tilgang på to uførepensjonistar. Per 31. desember 2017 var derfor talet på uførepensjonistar tre personar.

Uførepensjon blir ofte innvilga med verknad tilbake i tid. Det kan derfor framleis bli innvilga uførepensjon som gjeld for 2017.

Gjennomsnittleg utbetaling av uførepensjon var 14 560 kroner per måned, og gjennomsnittsalderen på uførepensjonistar var 59,3 år.

### 3.3 Etterlatnepensjon (ektefelle- og barnepensjon)

Ved inngangen til 2017 var det 119 ektefellepensjonistar i ordninga. I løpet av året har det vore ein avgang på sju personar og ein tilgang på tre personar. Per 31. desember 2017 var talet på ektefellepensjonistar derfor 115 personar.

Gjennomsnittleg utbetalt ektefellepensjon var 8 500 kroner per måned. Kvinner fekk 8 432 kroner, medan menn fekk 9 355 kroner.

I 2017 blei tre personar innvilga ektefellepensjon. Gjennomsnittsalderen deira var 89 år. Gjennomsnittsalderen for alle ektefellepensjonistar i ordninga var 83,5 år for kvinner og 82,9 år for menn. Samla sett var gjennomsnittsalderen 83,5 år.

Ved inngangen til 2017 tok tre personar imot barnepensjon. I løpet av året har det vore ein avgang på to personar og ingen tilgang av personar med barnepensjon. Per 31. desember 2017 var det derfor ein mottakar av barnepensjon i ordninga.

### 3.4 Rekneskap for 2017

Pensjonane blir dekte over kapittel 41 «Stortinget». I statsrekneskapen blei det utgiftsført 68 507 718 kroner til pensjonar og 1 662 215 kroner til administrasjonskostnader. Dette er om lag som i 2016.

## 4 Utvikling i 2017 for pensjonar opptent som regjeringsmedlem

Ved utgangen av 2017 fekk totalt 103 personar ein pensjon frå pensjonsordninga på bakgrunn av tidlegare oppteningstid som regjeringsmedlem (alderspensjon, uførepensjon eller etterlatnepensjon).

### 4.1 Alderspensjon

Ved inngangen til 2017 var det 75 alderspensjonistar i ordninga. I løpet av året har det vore ein avgang på fem personar og ein tilgang på tre personar. Per 31. desember 2017 var talet på alderspensjonistar derfor 73 personar.

Gjennomsnittleg utbetalt alderspensjon var 11 224 kroner per måned. Kvinner fekk 10 693 kroner, medan menn fekk 11 539 kroner.

I 2017 tok tre personar ut alderspensjon i ordninga for første gong. Gjennomsnittleg uttaksalder var 67 år.

Gjennomsnittleg uttaksalder for statsrådene varierer frå år til år, sidan talet på uttak er svært lågt. Gjennomsnittsalderen for alle alderspensjonistar i ordninga var 74,5 år for kvinner og 79,4 år for menn. Samla sett var gjennomsnittsalderen 77,6 år.

### 4.2 Uførepensjon

Ved inngangen til 2017 var det to uførepensjonistar i ordninga. I løpet av året har det vore vedtatt ein uførepensjon med tilbakeverkande kraft til 2015. Det har òg vore ein avgang i 2017. Per 31. desember 2017 var talet på uførepensjonistar derfor to personar.

Uførepensjon blir ofte innvilga med verknad tilbake i tid. Det kan derfor framleis bli innvilga uførepensjon som gjeld for 2017.

Gjennomsnittleg utbetalt uførepensjon var 25 856 kroner per måned, og gjennomsnittsalderen på uførepensjonistar var 57,0 år.

### 4.3 Etterlatnepensjon

Ved inngangen til 2017 var det 23 ektefellepensjonistar i ordninga. I løpet av året har det vore ein

avgang på ein person og ein tilgang på fire personar. Per 31. desember 2017 var talet på ektefellepensjonistar derfor 26 personar.

Gjennomsnittleg utbetalt ektefellepensjon var 7 432 kroner per måned.

Gjennomsnittsalderen for alle ektefellepensjonistar i ordninga var 81,2 år for kvinner og 64,0 år for menn. Samla sett var gjennomsnittsalderen 78,6 år.

Ved utgangen av 2016 var det fire personar som tok imot barnpensjon. To av barnpensjonane opphørte 31. desember 2016. Ved inngangen til 2017 var det derfor to personar som tok imot barnpensjon. Det har verken vore tilgang eller avgang av personar med barnpensjon i løpet av året. Gjennomsnittleg utbetalt barnpensjon var 5 477 kroner per måned.

### 4.4 Rekneskap for 2017

Pensjonsordninga for regjeringsmedlemer blir gitt tilskot til under kapittel 612 «Tilskudd til Statens pensjonskasse». I statsrekneskapen blei det utgiftsført 14 537 627 kroner til pensjonar og 372 947 kroner til administrasjonskostnader. Dette er litt meir enn i 2016.

## 5 Sentrale hendingar i 2017

Det blei utført inntektskontroll på alle som tok imot pensjon etter 75-årsregelen. Denne regelen gir stortingsrepresentantar som har oppteningstid i den tidlegare pensjonsordninga for stortingsrepresentantar moglegheit til å ta ut pensjon før 65 år. Det blei sendt ut brev om dette i byrjinga av 2017, men kontrollen gjaldt for inntektsåret 2015.

Hausten 2017 vart det gjennomført etteroppgjer for uførepensjonistar som ut frå skatteoppgjoret for 2016 hadde fått utbetalt for mykje eller for lite uførepensjon.

I samband med stortingsvalet 2017 og mogleg utskifting av representantar, stod SPK fire gonger på stand på stortingstorget i løpet av året. Medlemene hadde då anledning til å spørje generelle spørsmål om ordninga.

Arbeids- og sosialdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Arbeids- og sosialdepartementet 23. mars 2018 om Årsmelding 2017 for pensjonsordninga for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemer blir send Stortinget.